



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2010

JØSNESET BYGDARÅD

**23.mars 2010 klokka 19.30
i Trivelsstova.**

Frammøte:

Frå styret: Berit S. Hjorteland, Terje Bremnes, Silje Sværen, Helga Havnerås
10 andre møtte. Ordførar Bjørn Laugaland var gjest.

1. **Ordstyrar:** Terje Bremnes. Sven Westersjø og Lars Reidar Nesvik skriv under møtereferatet.
2. Ingen merknadar til **innkalling og saksliste.**
3. **Årsmelding og rekneskap** blei gått gjennom. Tenning av julegrana var ikkje med i årsmeldinga, ellers ingen innvendingar. Det var spørsmål om ikkje gapahuken var dyrt forsikra, men Lars Reidar Nesvik meinte den med rette var taksert høgt. Det blei og stilt spørsmål ved om abbonementet på Canal Digital skulle fortsetja; dette er dyrt og lite benytta. Oddbjørn Fossaa ser på saka.

Det er kjøpt inn nye gryter, men bilag manglar. Det blei foreslått å kjøpa inn meir bestikk til Trivelsstova på neste års budsjett.

4. **Ordførar Bjørn Laugaland fekk ordet.** Han var invitert for å seia litt om tankane kring og arbeidet med Jøsenfast. Jøsenfastprosjektet kan bli ein del av transportplan for Ryfylke, som går over 10 år. Det ser no ut til at det er penger å spara i forhold til ferjedrift i eit 30-

årsoperspektiv, men dette er m.a. avhengig av rentenivået. Vegvesenet er foreløpig skeptiske til prosjektet, i likskap med samferdsleministeren. Vegvesenet skal no utreda botnforhold/geologi i området.

Ordføraren meinte prosjektet hadde mykje til felles med Finnfast, men at trafikken er større her. Vidare framdrift avheng av prioriteringar i Nasjonal transportplan.

Etter den siste tidas hendingar var det naturleg med spørsmål om kva som skjer langs Tysdalsvatnet. Her er det delte meininger om kva som er beste løysing, og både trasè, kostnad og tidsbruk er usikkert. Ein reguleringsplan er no til godkjenning i Strand. Bygging av tunnel Vatne-Skreppeneset kan koma i gang i 2011 med lånte penger dersom Strand og Fylkeskommunen vil. Ein videre tunnel kjem inn i seinare kommunedelplan.

Ellers orienterte ordføraren om at det no blir jobba med å flytta knutepunkt for hurtigbåt frå Finnøy til Tau. Han meinte vidare at det ikkje ville koma nyare og betre ferjemateriell i Tau-sambandet. Oppstart av Ryfast-bygginga ligg an til å starta i 2012.

Laugaland var klar over problemstillinga kring miljøstasjonen på Jøsneset. RyMi meiner at denne òg skal betjena RV13, men dette meinte både årsmøtet og ordføraren var ein dårlig idé. Han tek opp tråden mot RyMi.

Han ønskede innspele frå bygdene om område for spredd bustadbyggjing. Han ba oss òg senda kopi av årsmelding og anna sakshandsaming ang. kantslått til Teknisk etat.

Årsmøtet sette stor pris på å ha besøk av ein engasjert og godt førebudd ordførar.

5. **Val.** Forslag frå valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom, med endringa: varamedlemer Kåre Hansen og Sven Westersjø fortset i 1 år, ikkje 2
6. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset Bedehus.** Trygve Brandal orienterte. Det er behov for utbetringar i nærmaste framtid, då det er funne fukt under golvet i 1 etasje. Det blei igjen teke opp behovet for betre vedlikehald på gravplassen, men dette er kyrkjekontoret sitt ansvar, ikkje bedehuset. Det same gjeld betre tilgang til parkering. Det kom forslag om å kobla til høgtalar i kjellaren, då det ikkje er plass til alle frammøtte i begravelsar.

Skiftun 11.04.2010

Silje Sværen

Sven Westersjø sign.

Lars Reidar Nesvik sign.